

**Kvartalsrapport
pr. 31.03.2016**

KVARTALSRAPPORT PR. 31.03.2016

Resultat

Banken har pr. første kvartal 2016 oppnådd ein rentenetto på 13,1 mill. kr. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,70 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen 13,5 mill. kr og i prosent av gfk 1,90 %. Det er først og fremst to forhold som forklarer reduksjonen i rentenetto. Luster Sparebank har lagt om forvaltning av likviditetsportefølja. Tidligere investerte Luster Sparebank i hovedsak i obligasjonar med fortrinnsrett. Avkastning på desse papira er definert som rente og blir inntektsført som ein del av rentenettoen. For å få betre risikospreiing har Luster Sparebank gått over til å investere likviditetsreserven i pengemarkeds- og obligasjonsfond. Avkastning på desse investeringane er definert som utbytte og blir dermed ikkje med i rentenettoen. Dette forklarer ca. 0,1 % av nedgangen i rentenettoen. Eit anna forhold som er med på å redusere rentenettoen er den sterke konkurransen på utlån som presser utlånsrentene.

Netto andre driftsinntekter har auka med 1,1 mill. kr i forhold til same tidspunkt i fjor.. Hovudårsaka er auka utbytte jamfør avsnitt om rentenetto. I tillegg har vi oppnådd bonus i samband med skadeforsikringssal for Frende.

Sum driftskostnader har gått ned med 0,18 mill. kr i forhold til same tidspunkt i fjor. Hovudårsaka er reduserte IT-kostnader. Vi har med verknad frå 01.01.2016 ny avtale med Evry AS som er hovudleverandør på IT-sida.

Driftsresultat før tap er på 7,4 mill. kroner som er ein forbetring med 0,8 mill. kr samanlikna med 31.03.2015 då driftsresultat før tap var på kr 6,6 mill. kr. I % av forvaltningskapital utgjer driftsresultat før tap 0,96 %. Under normale omstende vil denne prosentsatsen auke utover året. Dette fordi utbytte frå aksjar blir utbetalt i 2. kvartal og juni er månad for feriepengeutbetaling. Då blir det ikkje kostnadsført løn.

Nedskrivning på grupper har gått ned. Individuelle nedskrivningar har gått opp. Dette gir ein estimert tapskostnad på ca. 0,48 mill. kroner. Tapskostnad er lågare enn i fjor. Luster Sparebank realiserte verdipapir første kvartal 2015 med ein gevinst på 6,5 mill. kr. Så langt i 2016 er det ikkje blitt realisert verdipapir. Resultat før skatt pr. 31.03.2016 er difor svakare enn resultat før skatt på same tidspunkt i fjor. Etter skatt er resultatet pr 31.03.2016 pr 5,2 mill. kr.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 31.03.2016 var på 3.126,2 mill. kr. Veksten siste året er på 235,5 millionar kr eller 8,1 %. Forretningskapital som også inkluderer lån overført til bustadkredittselskap er pr. 31.03.2016 på 3.569,1 mill. kr. Veksten i forretningskapital siste året er på 355,1 mill. kr eller 11,0 %.

Utlån til kundar på eigen balanse er bokført med 2.533,6 mill. kr. Veksten siste året er på 78,0 mill. kr eller 3,2 %. Utanfor balansen har banken pr. 31.03.2016 overført kr 442,9 mill. kr. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført 323,3 mill. kr. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste året auka med 197,6 mill. kr eller 7,2%. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 31.03.16 var fordelt med 25,8 % på næring og 74,2 % på personmarknad og offentleg sektor.

Innskot frå kundar er bokført med 2.277,5 mill. kr. Veksten siste året er på 171,6 mill. kr eller 8,2 %.

Banken har langsiktig lånt inn 185 mill. kr frå andre finansinstitusjonar. Banken har uteståande obligasjonar og sertifikat for 249,4 mill. kr. Låneavtalane har restløpetid på mellom 2 månader og 3 år. Bankens innskotsdekning er 89,9 %. I dette nøkkeltalet er lån overført til bustadkredittselskap halde utanfor.

Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette lån utgjør 41,9 mill. kr. pr. 30.03.2016. Dette er ein auke på 11,9 mill. kr samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har auka med 0,7 mill. kr siste år. Nedskrivning på grupper har gått ned mens nedskrivning på enkeltengasjement har gått opp samanlikna med same tidspunkt i fjor.

Kapitaldekning

Ved utgangen av første kvartal 2016 er banken sin kapitaldekning berekna til å vere på 20,10 % mot 20,52 % på same tidspunkt i fjor. Bankens ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Perioderesultat så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapet ikkje er revidert. Dersom bankens resultat pr. 31.03.2016 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 20,4 %

Utsiktene for resten av året


Styret er fornøgd med resultatet så langt i år. Utlånsveksten inkludert lån overført til Verd Boligkreditt AS er for dei første 3 månadane av 2016 på 1,92 % og styret forventar at ein klarar å nå målsetnaden på 6 % utlånsvekst for året under eitt. Likviditeten er god. Bankens har god kapitaldekning. Styret er fornøgd med den økonomiske utviklinga så langt i 2016.


Gaupne, 29.04.2016

Styret for Luster Sparebank



Bjarne Venjum
styreleiar


Ove Nyland


Randi Kristin Bugge


Anette Stegegjerdet Norberg


Inge Teigen


Oddstein Haugen
banksjef

LUSTER SPAREBANK

RESULTATREKNESKAP (1.000 KR)	31.03.16	% av GFK	31.03.15	% av GFK	31.12.15	% av GFK
Rente og kred.prov. utlån	20.840	2,70	25.031	3,52	94.373	3,17
Renteinntekter verdipapir og andre	573	0,07	1.255	0,18	5.600	0,19
Sum rente og kred./prov. inntekter	21.413	2,78	26.286	3,69	99.973	3,35
Rentekostnader kundar	6.236	0,81	10.322	1,45	34.718	1,16
Rentekostnader likviditet	2.111	0,27	2.464	0,35	9.602	0,32
Sum rentekostnader	8.347	1,08	12.786	1,80	44.320	1,49
Netto rente- og kredittprov.	13.066	1,70	13.500	1,90	55.653	1,87
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	860	0,11	51	0,01	3.252	0,11
Provisjons- og gebyrinntekter	3.019	0,39	2.422	0,34	10.961	0,37
Provisjons- og gebyrkostnader	-419	-0,05	-410	-0,06	-1.649	-0,06
Netto vinst/tap verdipapir	-264	-0,03	45	0,01	-689	-0,02
Netto vinst/tap valuta	50	0,01	43	0,01	374	0,01
Andre driftsinntekter	306	0,04	307	0,04	1.374	0,05
Netto andre driftsinntekter	3.552	0,46	2.458	0,35	13.623	0,46
Personalkostnader	4.452	0,58	4.149	0,58	16.688	0,56
IT-kostnader	1.890	0,25	2.387	0,34	8.107	0,27
Andre administrasjonskostnader	1.151	0,15	1.202	0,17	5.128	0,17
Ordinære avskrivningar	650	0,08	650	0,09	2.575	0,09
Andre driftskostnader	1.078	0,14	1.009	0,14	4.070	0,14
Sum driftskostnader	9.221	1,20	9.397	1,32	36.568	1,23
Driftsresultat før tap og gevinst/tap og nedskrivning/reversering på verdipapir som er anleggsmiddel	7.397	0,96	6.561	0,92	32.708	1,10
Tap på utlån, garantiar m.v.	458	0,06	1.327	0,19	3.303	0,11
Netto tap/vinst anleggsaksjar	0	0,00	-6.493	-0,91	-6.457	-0,22
Resultat før skatt	6.939	0,90	11.727	1,65	35.862	1,20
Skatt på ordinær drift	1.735	0,23	3.166	0,44	8.574	0,29
Resultat for perioden	5.204	0,68	8.561	1,20	27.288	0,92

BALANSE**(1.000 KR)**

EIGENDELAR	31.03.16	31.03.15	31.12.15
Kontantar, innskot i bankar	174.234	114.580	63.771
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar	44.194	45.333	211.070
Utlån til kundar	2.533.571	2.455.559	2.487.965
Tapsavsetjingar	-22.070	-21.419	-21.744
Sertifikater, obligasj. o. a. rentebærende verdipapir	32.628	204.297	32.628
Aksjar o.a. verdipapir med variabel avkastning	316.089	55.495	263.336
Utsett skattefordel	4.760	4.751	4.760
Driftsmidlar	8.832	10.256	9.462
Andre fordringar	25.851	14.455	16.170
Forskotsbet. og opptente inntekter	8.142	7.424	5.548
SUM EIGENDELAR	3.126.231	2.890.731	3.072.966

GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	185.000	215.000	205.000
Innskot frå kundar	2.277.496	2.105.935	2.212.361
Obligasjonslån	249.365	180.000	249.365
Anna gjeld	19.021	25.056	13.293
Skatt	5.855	8.504	8.657
Pensjonsforpliktingar	11.327	0	11.327
Sparebankens fond og gåvefond	372.963	347.675	372.963
Resultat for perioden	5.204	8.561	
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	3.126.231	2.890.731	3.072.966

Garantiansvar	27.130	26.139	32.250
Pantsetjingar	15.000	15.000	19.841
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	442.853	323.282	435.939

Note 1 (tal i heile 1.000)	31.03.16	31.03.15	31.12.15
Endring individuelle tapsnedskr. inkl amortisering	1.098	-25	-902
Endring i nedskrivning på grupper av lån	-600	850	1.700
Konstaterte tap i perioden med tidlegare nedskrivning	0	615	2.678
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	29	1	11
Inngang på tidligare konstaterte tap	-69	-114	-184
Netto tap på utlån og garantiar i perioden	458	1.327	3.303

Note 2 (tal i heile 1.000)	31.03.16	31.03.15	31.12.15
Engasjement der inntektsføring av renter er stoppa	28.700	24.876	21.831
Misleghaldne engasjement > 90 dager	38.066	29.984	35.327
- individuelle tapsnedskrivningar på desse	-6.656	-7.593	-7.065
- avsetnad amortisering på desse	-647	-876	-779
- attendeførte kapitaliserte renter på desse	-1.407	-2.563	-1.466
Netto misleghaldne lån etter nedskrivning og amortisering	29.356	18.952	26.017
Tapsutsette engasjement med individuelle nedskrivninger	3.817	0	130
- spesifiserte tapsavsetjingar på desse	-1.501	0	-100
- amortisering av tapsmerka	-67	0	0
- attendeførte kapitaliserte renter på desse	-2	0	0
Netto ikkje misleghaldne eng. m/spes tapsavsetjing	2.247	0	30

Note 3 (tal i heile 1.000)	31.03.16	31.03.15	31.12.15
Nedskrivning på grupper	13.200	12.950	13.800

Note 4 Kapitaldekning (tal i heile 1.000)	31.03.16	31.03.15	31.12.15
Sparebankenes fond	357.863	334.375	357.863
Gåvefond	15.100	13.300	15.100
-Fradrag	-14.206	-15.341	-25.500
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	358.757	332.334	347.463

Engasjementskategoriar (vekta beløp)

Stater og sentralbanker	0	0	0
Lokale og regionale myndigheter (herunder kommuner)	17.732	6.399	5.815
Offentleg eigde foretak	0	0	0
Institusjoner	37.288	17.650	42.745
Foretak	114.608	366.214	110.838
Engasjementer med pantesikkerhet i eiendom	1.297.145	819.958	1.251.532
Forfalte engasjementer	40.893	26.945	32.637
Obligasjoner med fortrinnsrett	281	13.297	280
Andeler i verdipapirfond	41.142	48.322	41.142
Egenkapitalposisjoner	59.906	0	55.919
Øvrige engasjementer	48.580	197.298	50.649
Berekningsgrunnlag kredittrisiko	1.657.575	1.496.083	1.591.557
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko	126.904	123.843	126.904
Sum berekningsgrunnlag, pilar 1	1.784.479	1.619.926	1.718.461
Rein kjernekapital i % av berekningsgrunnlag	20,10 %	20,52 %	20,22 %